

## **Brukerforum for Bevaringstenestene i Hordaland**

### **Mandat**

Brukerforum for Bevaringstenestene er eit utval sett ned av Kultur- og ressursutvalet i Hordaland fylkeskommune i møte 18. mars 2014. Utvalet skal representere interessene til dei konsoliderte musea overfor Bevaringstenestene. Utvalet har ein representant frå kvart av dei ni konsoliderte musea og ein representant for Hordaland fylkeskommune.

### **Retningslinjer**

Brukerforumet skal sjå til at Bevaringstenestene tener musea sine interesser og behov på beste måte når det gjeld fellesmagasin, konservering (førebyggjande og direkte), råd og rettleiing. Brukerforumet skal elles drøfte den vidare utviklinga av Bevaringstenestene.

Brukerforumet vert drifta av Bevaringstenestene, som og er sekretariat for forumet. Bevaringstenestene kallar inn til møte minst ein gong i året. Alle deltakande parter kan elles be om møte.